

INNSTILLING FRÅ VALKOMITEEN FOR FORSTANDERSKAPET SITT VAL AV TILLITSVALDE MM TIL SPAREBANKSTIFTINGA TYSNES

Tillitsvalde Sparebankstiftinga Tysnes

I den inngåtte fusjonsavtalen mellom Tysnes Sparebank og Haugesund Sparebank er det avtalt at det skal opprettast ein sparebankstifting som skal forvalte Tysnes Sparebank sin samfunnskapital. For å finne tillitsvalde til Sparebankstiftinga ved første gangs val skal valkomiteen bestå av styreleiar i banken, leiar av forstandarskapet og leiar av bankens valkomité. Valkomiteen si innstilling på styre og generalforsamling i stiftinga vert lagt frem som forslag for endeleg vedtak i bankens forstandarskap ved første gangs val. Det skal også innstille på leiar og nestleiar i generalforsamlinga, leiar i styret og leiar i valkomiteen i stiftinga ved første gangs val. Valet som forstandarskapet i Tysnes Sparebank føretek seg i møtet 10. april 2025 er under forutsetning av Finanstilsynets endelege godkjenning av fusjonsavtalen.

Valkomitéen si grunngjeving:

Valkomiteen grunngjev sitt forslag til representantar for styret i Sparebankstiftinga Tysnes ut frå følgjande:

To av representantane har alle tidlegare erfaring frå drift og styrearbeid i banken. Ein representant har tidlegare erfaring frå oppretting og drift av tilsvarande stifting. Dei har god fagleg- og økonomisk kompetanse og har vist eit stort samfunnsengasjement. Kravet til representasjon av begge kjønn er ivaretatt. Alle 3 representantane er busett på Tysnes.

Valkomiteen grunngjev vidare sitt forslag til representantar i Sparebankstiftinga Tysnes sin generalforsamling, vararepresentantar og valkomité slik:

Representantane er geografisk spreidde frå heile kommunen. Representantane har tidlegare erfaring frå verv i Tysnes sparebank sitt forstandarskap og frå styrearbeid i tilsvarande stifting. Representantane har god kompetanse og har vist samfunnsengasjement. Begge kjønn er representerte og det er god aldersspreiing. Alle representantane har kundeforhold i banken.

Valkomiteen har hatt personleg kontakt med alle dei føre slåtte representantane, og alle har ytra seg positivt i høve til å gå inn i førespurde verv.

Valkomiteen legg frem fylgjande innstilling til forstandarskapet sitt val på tillitsvalde til Sparebankstiftinga Tysnes:

1 Val av 6 medlemmer til generalforsamlinga 2025– 2029

Valkomiteen innstiller fylgjande som medlemmer til generalforsamlinga:

Heidi Renate Røsland
Sigmund Hovland
Gunnar Hansen
Margrete Klemmetsby
Linn Larssæther Frøkedal
Martin Rabben Restad

Medlemmer av generalforsamlinga vert valde for 4 år. Anna kvart år veljast høvesvis 3 nye medlemmar av generalforsamlinga. Etter 2 år avgjerast det ved loddtrekning kva medlemmar som skal tre ut, og deretter dei som har gjort teneste lengst.

2 Val av 3 varamedlemmer til generalforsamlinga 2025 – 2029

Valkomiteen innstiller fylgjande som varamedlemmer til generalforsamlinga:

Rannveig Ljostveit Helland
Øystein Vaage
Marit Bruntveit Vatne

Varamedlemmer vert valde for 4 år.

3 Val av leiar generalforsamlinga 2025 – 2026

Valkomiteen innstiller på val av Margrete Klemmetsby som leiar i generalforsamlinga for 1 år

4 Val av nestleiar generalforsamlinga 2025 – 2026

Valkomiteen innstiller på val av Sigmund Hovland som nestleiar i generalforsamlinga for 1 år

5 Val av 3 medlemmer til valkomité 2025 -2027

Heidi Renate Røsland
Linn Larssæther Frøkedal
Martin Rabben Restad

Valet gjeld for 2 år om gongen.

6 Val av leiar valkomiteen 2025 - 2027

Valkomiteen innstiller på val av Martin Rabben Restad som leiar av valkomiteen for 2 år

7 Val av 3 styremedlemmer 2025 – 2027

Audun Magnussen
Børge Pedersen
Elisabeth Sandven

8 Val av styreleiar 2025 - 2027

Valkomiteen innstiller på Audun Magnussen som leiar av styret for 2 år

Styremedlemer inkludert styreleiar, vert valde for 2 år om gongen

9 Forslag til godtgjerse til tillitsvalde i Sparebankstiftinga Tysnes

Generalforsamlinga:

Leiar: Fast kr 7000 pr år, - samt kr 2.200 pr møte
Medlemmer: Kr 2.200 pr møte
Vara: Kr 2.200 pr møte

Styret:

Leiar: Fast kr 50.000 pr år, samt kr 2.200 pr møte
Medlem: Fast kr 30.000 pr år, samt kr 2.200 pr møte

Valkomite:

Medlem: Kr 2.200 pr møte
Vara: Kr 2.200 pr møte

Det vert ikke utbetalt tapt arbeidsfortjeneste. Kjøregodtgjørelse/reiseutgifter til møte dekkes etter statens satser.

Godtgjerse til medlemmar av generalforsamling, styre og valkomiteen handsamast årleg av generalforsamlinga.

10 Val av revisor

Valkomiteen innstiller på RSM Norge AS ved statsautorisert revisor Inge Soteland.

Valkomiteen har bestått av:

Ingrid Tysnes Stue (leiar), Reidun Myklebust og Bente Raknes

Tysnes, 18.mars 2025

Ingrid Tysnes Stue
leiar i valkomitèen

